

Takk til alle for ryddeaksjonen.

15.05.2017



Audun Eik syner fram litt av det som vart rydda i stranda på Rød/Ljoneses.

Det vart ikkje den store tilstrøyminga, men det er likevel gjort ein stor innsats for strandrydding og anna rydding i Uskedalen dei siste vekene. Uskedalen utvikling var SIM sin lokale kontakt og la til rette for og motiverte for rydding. Mange ryddar heile året og har avtale med SIM om levering. Andre gjer den beste jobben ved ein ryddeaksjon.

Ei særleg takk går til Lerøy Sjøtroll v/ Jonny Hansen og G15 laget som rydda plast og skrot i strandsona rundt Skorpo. Vi har motteke positive tilbakemeldingar om rydding langs elva og langs fylkes- og kommunevegen. Det er merkbar betring av plast langs veggen på dalen. Det same gjeld på dei såkalla foringsplassane. Takk til bøndene og elveeigarane for det som er gjort.



[Vevik Transport hentar konteinaren frå Uskedalen.](#)

På Holmen har det vore lokal dugnad der mellom anna eit nedfalle naust/skur er fjerna.

Skulen og barnehagen har fast rydding på uteområde og på arealet rundt Grøngrasbanen.

Audun Eik og Kristian Bringedal var på rydding ytterst på Holmen og på Rød/ Ljosnes. Det vart funne mykje isopor, plast, tauverk, plastkanner og noko bygningmaterialer frå defekte kaianlegg.

Takk til alle.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Audun Eik og Kristian Bringedal fekk god "fangst" av plast og tauverk i stranda i Uskedalen.